



Tilsynsrapport

Rapport	
Rapporttittel Tilsyn med transportrørleidningar i Equinor	Aktivitetsnummer 001000224
Gradering	
<input checked="" type="checkbox"/> Offentleg	<input type="checkbox"/> Begrensa
<input type="checkbox"/> Unntatt offentlighet	<input type="checkbox"/> Fortruleg
<input type="checkbox"/> Strengt fortruleg	
Involverte	
Hovudgruppe T1 - Equinor sokkel	Oppgåveleiar Trond Sundby
Deltakarar i revisjonslaget Kjell Arild Anfinssen, Roger L. Leonhardsen, Sandra Gustafsson, Trond	Dato 9.5.2019

1 Innleiing

Vi gjennomførte ein tilsynsaktivitet med transportrørleidningar i Equinor på Kårstø tysdag 9. april 2019. Tilsynsaktiviteten vart gjennomført som eit dagsmøte med presentasjonar og diskusjonar med transportnett i Equinor for rørleidningar dei har operatøransvar for.

2 Bakgrunn

Bakgrunnen for aktiviteten er eit kontinuerleg fokus på strategisk viktige rør med store volum over lengre avstandar som Equinor transportnett er operatør for. Aktiviteten er sentral i vår oppfølging av integriteten for desse rørsystema og korleis Equinor jobbar med kontinuerleg forbetring og risikoreduksjon.

3 Mål

Målet med aktiviteten var å få ein oversikt over integriteten til transportrør som Equinor transportnett på Kårstø har operatøransvar for.

4 Resultat

Resultata bygger på presentasjonar, spørsmål og diskusjonar med Equinor.

Vi presenterte bakgrunn og føremål med tilsynsaktiviteten. Petroleumstilsynet (Ptil) og Equinor har hatt eit årleg oppfølgingsmøte der Equinor har presentert ein status for drift, inspeksjon og fokusområder / teknologiutvikling innan rørleidningar som transportnett Kårstø har ansvar for. Ptil har og nytta møtet til å informere om blant anna regelverksendringar, CODAM, RNNP og andre fagtema. I møtet vart Ptil sitt hovudtema presentert saman med bakgrunn og føremål for aktiviteten.

Tilsynsaktiviteten tok for seg følgjande tema

- Kort oversikt over tilstand til rørsystema
- Presentasjon av spesielle utfordringar i dykkar oppfølging av rørsystema
- Status på dykkar arbeid knytt til frie spenn og tredjepartsaktivitet,

- tråling, eventuelle skadar og vurdering av krav i standardar
- Eksempel på korleis ein jobbar med risikoreduksjon og kontinuerleg forbetring
- Oversikt over testing av sikkerheitskritiske ventilar inkludert trending og vurdering av effekt av testing og vedlikehald
- Presentasjon av aktivitetar i Mongstad kontrollrom
- Status på innvendige inspeksjonar
- Kort status på prosjektingvolvering

Equinor gjekk gjennom den tekniske integriteten for røyrsystema med detaljerte presentasjonar der det eventuelt var utfordringar. Hovudinntrykket er at integriteten er god og at det ikkje er nokre kritiske utfordringar for systema. Det blir nytta ein god del ressursar på landdeler og landfall på røyrløidningane.

Vi noterte oss ingen aksjonar i løpet av møtet, men merka oss nokre punkt som det blir jobba med og som kan vere aktuelle for vidare oppfølging:

- Korrosjonsstudie initiert for Troll B og Troll oljerøyr I der ein etter funn på vekttafskupongar har mistanke om mogeleg bakteriell korrosjon.
- Transportnett har ei sentral rolle i oppfølging og driftsstøtte til røyrsystema med omsyn på kva ein produserer inn i dei ulike røyra til ei kvar tid, korleis ein inhiberer og kompatibilitet, lekkasjedeteksjon og planlegging og koordinering av inspeksjon- og reinsepigging for å sikre integriteten i røyrsystema.
- Behandling av vatn på Mongstad – tendensen er at det kjem meir vatn via røyra og det er sentralt å koordinere operasjonar som kan medføre auka vassproduksjon på innretningane som føder inn i røyrsystema til Mongstad.
- Vestprosess er eit røyr der ein har hatt mykje arbeid med ulike utfordringar som belegg på røyr for korrosjonsbeskyttelse, feltskøytar osv.
- Tredjepartsaktivitet dei siste åra viser noko endring i fiske og trålarar / trålutstyr langs røyrraseane dei er ansvarlege for. Noko av fisket har flytta seg vekk frå røyra og langs andre røyr er det no mindre trålarar som dominerer det fisket som er. Vi understreka viktigheten av god dialog med fiskarar og fiskeriorganisasjonar.
- Risikoreduksjon og kontinuerleg forbetring var spelt inn som eit tema til møtet. Frå 2018 har transportnett innført total risikoanalyse (TRA) og miljørisikoanalyse (MRA) for kvart røyrsystem dei er ansvarleg for – erfaringar med bruk av desse er aktuelt som tema for møtet i 2020.
- Mongstad kontrollrom har blitt nemnt som eit viktig kontrollsenter for TOR1 og 2, Mongstad gass, Vestprosess og Sleipner kondensat.
- Det vart framheva at transportnett har ei særskild viktig rolle i prosjekt med å ta inn driftserfaringar og erfaringsdeling.
- Det vart presentert eksempel på røyrløidningar som etterkvart skal takast ut av drift. Fram til no har det i hovudsak vore feltrøyr, men framover vil det kome fleire transportrøyr som kan representere noko andre problemstillingar enn for feltrøyr.
- Det vart gått gjennom korleis ein testar og vurderer integriteten for sikkerheitskritiske ventilar inkludert muligheter og utfordringar med trending og samanlikning av data.
- Elles noterte vi oss interferens mellom høgspenning og CP-system for Mongstad gass og ein open TTS-aksjon knytt til CP-system for Snøhvit transportrøyr til Melkøya.

5 Observasjonar

Våre observasjonar blir generelt delt i to kategoriar:

- *Avvik*: Knytt til dei observasjonane der vi meiner å påvise brot på / manglande oppfyljing av regelverket.
- *Forbettringspunkt*: Knytt til observasjonar der vi ser manglar, men ikkje har nok opplysningar til å kunne påvise brot på regelverket.

Tilsynsrapporten vart gjennomført som eit dagsmøte der Equinor presenterte tema som var avtalt på førehand. Hovudføremålet med aktiviteten var å få ein oversikt over integriteten til dei aktuelle røyrlidningane så det var ikkje gjort spesifikke verifikasjonar og det vart såleis ikkje påvist nokre avvik eller forbettringspunkt.

6 Deltakarar frå oss

Kjell Arild Anfinssen	Konstruksjonssikkerheit
Roger L. Leonhardsen	Konstruksjonssikkerheit
Sandra Gustafsson	Konstruksjonssikkerheit
Trond Sundby	Konstruksjonssikkerheit (oppgåveleiar)

7 Dokument

Følgjande dokument vart nytta under planlegging og gjennomføring av aktiviteten:

- Presentasjonar av Equinor i møtet 9.4.2019

Vedlegg A

Oversikt over involvert personell i tilsynsaktiviteten.